

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/4/12

av 1. juli 2011

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2011) 4594]

(2011/394/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Tyskland har meldt frå om at grensekontrollstasjonen i hamna i Rostock vart stengd 31. mars 2011. Posten for denne grensekontrollstasjonen bør difor strykast frå den lista som er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 3) På grunnlag av ei melding frå Spania bør den mellombels opphevinga av godkjenninga av ein grensekontrollstasjon

ved lufthamna i Almería fjernast. Posten for den nemnde grensekontrollstasjonen bør difor endrast. I tillegg har Spania meldt frå om at for grensekontrollstasjonen i hamna i Vigo bør kontrollsenderet «Pantalán 3» strykast, og namnet på kontrollsenderet «Vieiras» bør endrast til «Puerto Vieira» i postane for denne grensekontrollstasjonen i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

- 4) På grunnlag av ei melding frå Frankrike bør visse kategoriar av produkt av animalsk opphav som for tida kan kontrollerast ved grensekontrollstasjonen i hamna i Brest, leggast til i postane for denne grensekontrollstasjonen i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 5) På grunnlag av ei melding frå Italia bør grensekontrollstasjonane i hamna og lufthamna i Reggio Calabria, i hamna i Olbia og ved lufthamnene i Rimini og Palermo strykast. I tillegg har Italia meldt frå om at talet på artar av levande dyr som er tillatne på grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Bologna-Borgo Panigale, er avgrensa. Lista over grensekontrollstasjonar for Italia bør difor endrast.
- 6) På grunnlag av ei melding frå Ungarn bør namnet på grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Budapest endrast til «Budapest-Liszt Ferenc Nemzetközi Repülőtér».
- 7) Nederland har meldt frå om at berre dyr til zoologisk hage er tillatne ved kontrollsenderet «MHS Live» ved grensekontrollstasjonen i Maastricht lufthamn. Posten for den nemnde grensekontrollstasjonen bør difor endrast.
- 8) På grunnlag av ei melding frå Austerrike bør grensekontrollstasjonen ved Linz lufthamn godkjennast for alle hovdyr.
- 9) På grunnlag av ei melding frå Portugal bør postane for grensekontrollstasjonane i hamnene i Peniche og Setúbal strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 176 av 5.7.2011, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 77/2012 av 30. april 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 50 av 13.9.2012, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

⁽³⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

⁽⁴⁾ TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

- 10) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det fastsett ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 11) På grunnlag av meldingar frå Tyskland, Irland, Frankrike og Austerrike bør det gjerast visse endringar for desse medlemsstatane i den lista over sentrale, regionale og lokale einingar i TRACES som er fastsett i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.
- 12) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 1. juli 2011.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Tyskland, går posten for hamna i Rostock ut.

b) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for lufthamna i Almeria skal lyde:

«Almería	ES LEI 4	A		HC(2), NHC(2)	O»
----------	----------	---	--	---------------	----

ii) Posten for hamna i Vigo skal lyde:

«Vigo	ES VGO 1	P	T.C. Guixar	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Frioya	HC-T(FR)(2)(3)	
			Frigalsa	HC-T(FR)(2)(3)	
			Pescanova	HC-T(FR)(2)(3)	
			Puerto Vieira	HC-T(FR)(3)	
			Fandicosta	HC-T(FR)(2)(3)	
			Frig. Morrazo	HC-T(FR)(3)»	

c) I den delen som gjeld Frankrike, skal posten for hamna i Brest lyde:

«Brest	FR BES 1	P		HC(1)(2), NHC»	
--------	----------	---	--	----------------	--

d) I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

i) Følgjande postar går ut:

«Olbia	IT OLB 1	P	HC-T(FR)(3)»	
«Palermo(*)	IT PMO 4	A	HC-T (*)»	
«Reggio Calabria (*)	IT REG 1	P	HC (*), NHC (*)»	
«Reggio Calabria (*)	IT REG 4	A	HC (*), NHC (*)»	
«Rimini	IT RMI 4	A	HC(2) (*), NHC(2) (*)»	

ii) Posten for lufthamna i Bologna-Borgo Panigale skal lyde:

«Bologna-Borgo Panigale	IT BLQ 4	A	HC(2), NHC(2)	O(14)»
-------------------------	----------	---	---------------	--------

e) I den delen som gjeld Ungarn, skal posten for lufthamna i Budapest lyde:

«Budapest-Liszt Ferenc Nemzetközi Repülőtér	HU BUD 4	A		HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O»
---	----------	---	--	--------------------------------------	----

f) I den delen som gjeld Nederland, skal posten for lufthamna i Maastricht lyde:

«Maastricht	NL MST 4	A	MHS Products	HC(2), NHC(2)	U, E, O(14)»
			MHS Live		

g) I den delen som gjeld Austerrike, skal posten for lufthamna i Linz lyde:

«Linz	AT LNZ 4	A	HC(2), NHC(2)	U, E, O»
-------	----------	---	---------------	----------

h) I den delen som gjeld Portugal, går postane for hamnene Peniche og Setubal ut.

2) I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Tyskland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Postane for den lokale eininga «DE47103 WOLFENBÜTTEL, LANDKREIS U. STADT SALZGITTER» skal lyde:

«DE47103 WOLFENBÜTTEL, LANDKREIS»

ii) Posten for den lokale eininga «DE16203 GOSLAR, LANDKREIS» skal lyde:

«DE16203 GOSLAR, LANDKREIS U. SALZGITTER, STADT»

b) I den delen som gjeld Irland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Postane for dei følgjande lokale einingane går ut:

«IE01100 LAOIS,
IE01800 MONAGHAN,
IE02400 WESTMEATH»

ii) Posten for den lokale eininga «IE00900 KILDARE» skal lyde:

«IE00900 KILDARE/DUBLIN/LAOIS/WEST WICKLOW»

iii) Posten for den lokale eininga «IE00200 CAVAN» skal lyde:

«IE00200 CAVAN/MONAGHAN»

iv) Posten for den lokale eininga «IE01900 OFFALY» skal lyde:

«IE01900 OFFALY/WESTMEATH»

c) I den delen som gjeld Frankrike, går følgjande post for ei lokal eining ut:

«FR16400 PYRÉNÉES-ATLANTIQUES (BAYONNE)»

d) I den delen som gjeld Austerrike, vert det gjort følgjande endringar:

i) Under postane for den regionale eininga «AT00100 BURGENLAND» vert følgjande lokale einingar lagde til:

«AT00109 MAG. D. FREISTADT EISENSTADT,
AT00110 STADTGEMEINDE RUST»

ii) Posten for den lokale eininga «AT00413 VOEÖCKLABRUCK» skal lyde:

«AT00413 VOECKLABRUCK».
